

**Sakshandsamar:**Per Olav Bøyum  
E-post: Per.Olav.Boyum@sfj.no  
Tlf.: 57638134**Vår ref.**Sak nr.: 19/76-2  
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt**Dykkar ref.****Dato**

LEIKANGER, 07.01.2019

Britt Kringlen

**Svar - VS: Sogn og Fjordane Landbruksselskap**

Hei

Mathias Svorstøl, Andreas Sørebo og Andreas Løtuft fekk sølvmedalje med diplom for godt arbeid som nybrottsmenn i 1941 (sjå vedlegg).

Det du siktar til som skal ha blitt skrive om dei trur eg må vere ein artikkel som stod på trykk i avisa Firda 11. mars 1942:

<https://www.nb.no/items/42c2b76926728f93dc4a8734c7ea56c9?page=0&searchText=svorst%C3%B8l%20s%C3%B8reb%C3%B8%20l%C3%B8tuft>

Dessverre har eg ikkje lov å sende deg kopi av artikkelen. Dersom du oppsøker det lokale folkebiblioteket ditt, er eg viss på at dei kan hjelpe deg med å få tilgang til artikkelen.

Å finne andre frå Naustdal som har fått medalje eller budeiepremie viste seg å vere vanskeleg. Etter det eg veit, finst det ikkje noko samla oversyn over dei som har blitt tildelt utmerkingar av selskapet.

I årsmeldingane frå Sogn og Fjordane Landbruksselskap står det kven som har fått påskjøning, men vi har ikkje ein komplett serie av desse. For dei eg har tilgang til, og såleis fått sjekka (1903, 1918, 1926, 1930, 1931, 1933-38, 1940, 1941, 1944-49, 1951-53), fann eg ingen andre naustdøler.

Nokre år vart det også opplyst i dei trykte fylkestingsforhandlingane kven som fekk premie av landbruksselskapet, men heller ikkje der har eg kome over nokon frå Naustdal.

Med helsing

Per Olav Bøyum  
Arkivar - privatarkiv*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*Vedlegg:Mottakar (ar)  
Britt Kringlen

Kopi til: